



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 27.05.2015

Vår ref.: 2015/4578

Arkivnr.: 461.5

Suldal kommune

Eidsvegen 7

4230 SAND

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,

4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Statnett SF - Søknad om løyve etter forureiningslova til mudring i Kvilldalsvika, Suldalsvatnet, Suldal kommune - Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas hensyn til ved behandling av søknaden. Kommunens uttale sendes oss innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statnett SF, om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden gjeld graving av grøft/mudring for nedlegging av kabel i Suldalsvatnet.

Kort orientering av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	arbeid i innsjø/vassdrag
Plassering:	gnr. 43, bnr. 2 (eigedom der landfestet ligg)
Søknaden gjeld:	mudring/graving
Berekna volum:	ca. 975 m ³
Berekna areal:	ca. 1 100 m ²
Mudringsstid:	Sommar 2017 (tentativt)
Planlagt avbøtande tiltak:	Siltgardin

Bakgrunn/Søknad

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF behov for graving/mudring i Suldalsvatnet. For å leggje ned kabel skal det gravast ei ca. 170 meter lang og ca. 10 meter brei grøft i Kvilldalsvika. Totalt vil det bli gravd opp ca. 975 m² massar frå grøfta, og etter kabelen er lagt, vil massane fyllast tilbake. Overskotsmassane vil bli lagt på toppen av grøfta. Totalt vil eit innsjøbotnareal på 1 100 m² bli direkte påverka av tiltaket. Føremålet med mudringa/gravinga er å få lagt kabelen ned på frostsikkert djup.

Botnsubstratet i tiltaksområdet består av lausmassar/slam. Tiltaket kan føra til spreiring av forureina sediment, ettersom det er registrert noko forhøgde verdiar av enkelte polyaromatiske hydrokarbon forbindelsar (PAH) i sediment djupare enn 10 cm. Norconsult AS har berekna potensiell risiko for

spreiing av forureina sediment, samt kor mykje forureining som kan koma ut frå porevatnet¹. I følgje Norconsult AS viser berekningane at spreinga av forureining under mudringsarbeidet i Kvilldalsvika vil vera beskjeden. Norconsult AS har også berekna kor mykje partikkelspreiing som kan førekome kvar dag under tiltaket, og resultatet viser at dette kan overskride grenseverdiar som er angitt for fisk. På bakgrunn av denne vurderinga ynskjer tiltakshavar å bruka siltgardin på begge sider av traseen for å hindre/reduere partikkelspreiing. Tiltaket skal også utførast i periodar av året då det antas at laks ikkje vandrar forbi (dei skal unngå periodane 15. august til 1. oktober, og 20. april til 10. juni).

I følgje søker ligg det eit vatninntak til ei hytte rett aust for tiltaksområdet. For å unngå at forureina vatn når inntaksrøyret, er det foreslått å heve inntaksrøyret frå botn av innsjøen i den perioden tiltaket pågår.

Fylkesmannens merknader til tiltaket

Utan særskilte tiltak kan arbeidet medføre partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. Det er funnet forhøgde verdiar av enkelte PAH-forbindingar i sedimentet. Tiltakshavar har foreslått bruk av siltgardin under mudringsarbeidet, samt restriksjonar på kva tid på året arbeidet kan utførast.

Suldalslågen er eit nasjonalt laksevasdrag, og den lakseførande strekninga omfattar Suldalsvatnet. Ein finn også stasjonær aure, ål, trepigga stingsild og røye i vassdraget. I følgje søker, har Kvilldalsvika eit botnsubstrat som er eigna som beiteområde for aure og anna innlandsfisk. I nærleiken av tiltaksområdet ligg Kvilldalsåa, som er ein gytebekk for laks, sjøaure og innlandsfisk. Gytemoden fisk passerar derfor tiltaksområdet under oppvandring, og smolt vil passera området ved utvandring av Kvilldalsåa. Det vil derfor vera viktig å hindre partikkelspreiing, spesielt i periodar når det er mest sannsynleg at fisk vandrar forbi.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven», fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Ilag med utfyllingssøknader ved Strandanes og Helganes, skal søknaden også behandlast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i laks- og innlandsfiskelova.

Offentlig ettersyn

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Suldalposten. Kunngjeringskostnadene skal dekkast av søker. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato. Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så langt en finn dette nødvendig. Vidare må det gis opplysningar om det omsøkte anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsbestemmelsar m.v. for området.

¹ Norconsult AS (2014). Tiltak i sediment i Suldalsvatnet. Oppdragsnr.: 5134320

Kommunens uttale bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkelig beskriven i søknaden, og som det bør tas hensyn til ved avgjerda.

Det anbefalast at kommunen føretar kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga sendes Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Marte Kjelby
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Marte Kjelby
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Kunngjeringstekst

Søknadsdokumenta (2 sett)

- Søknad av 07.04.2015 med vedlegg

Kopi (utan vedlegg) til:

Statnett SF Postboks 4904 Nydalen 0423 OSLO

Statnett SF - Søknad om løyve etter forureiningslova til mudring i Kvilldalsvika, Suldalsvatnet, Suldal kommune - utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statnett SF om løyve etter forureiningslova § 11 og 16 til mudring i sjø på gnr. 43, bnr. 2 (eigedom der landfestet ligg). Søknaden gjeld mudring av ca. 975 m³ massar, og berekna berørt botnareal er ca. 1100 m².

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF behov for mudring i Suldalsvatnet. Føremålet med mudringa er å få lagt kabelen ned på frostsikkert djup. Det vil bli gravd ei grøft, og overskotet av massane vil bli lagt på toppen av grøfta. Tiltaket kan føra til spreining av potensielt forureina sediment, og det kan derfor i ett eventuelt løyve bli stilt vilkår om at søkar må iverksette tiltak for å hindre partikkelspreiing. For å ta hensyn til vandringsforhold for fisk, kan det også bli aktuelt å sette krav om restriksjonar for kva tid på året dette arbeidet kan gjennomførast.

Søknadsdokumenta blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller fmropost@fylkesmannen.no, innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.



Adresseliste

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Statnett SF - Søknad om løyve etter forureiningslova til mudring i Kvilldalsvika, Suldalsvatnet, Suldal kommune - Anmodning om uttale til søknaden

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas hensyn til ved behandling av søknaden etter forureiningslova til graving/mudring i Suldalsvatnet, Suldal kommune.

Uttaler sendes oss innan 4 veker.

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statnett SF, om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden gjeld graving av grøft/mudring for nedlegging av kabel i Suldalsvatnet.

Kort orientering av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	arbeid i innsjø/vassdrag
Plassering:	gnr. 43, bnr. 2 (eigedom der landfestet ligg)
Søknaden gjeld:	mudring/graving
Berekna volum:	ca. 975 m ³
Berekna areal:	ca. 1 100 m ²
Mudringstid:	Sommar 2017 (tentativt)
Planlagt avbøtande tiltak:	Siltgardin

Bakgrunn/Søknad

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF behov for mudring i Suldalsvatnet. For nedlegging av kabel skal det gravast ei ca. 170 meter lang, og ca. 10 meter brei grøft i Kvilldalsvika. Totalt vil det bli gravd opp ca. 975 m² massar frå grøfta, og etter kabelen er lagt, vil massane fyllast tilbake. Overskotsmassar vil bli lagt på toppen av grøfta. Totalt vil eit innsjøbotnareal på 1 100 m² bli påverka av tiltaket. Føremålet med mudringa er å få lagt kabelen ned på frostsikkert djup.

Botnssubstratet i tiltaksområdet består av lausmassar/slam. Tiltaket kan føra til spreining av forureina sediment, ettersom det er registrert noko forhøga verdiar av enkelte polyaromatiske hydrokarbonforbindelsar (PAH) i sediment djupare enn 10 cm. Norconsult AS har berekna potensiell risiko for

spreiing av forureina sediment, samt kor mykje forureining som kan koma ut frå porevatnet¹. I følgje Norconsult AS viser berekningane at spreinga av forureining under mudringsarbeidet i Kvilldalsvika vil vera beskjeden. Norconsult AS har også berekna kor mykje partikkelspreiing som kan førekomme kvar dag under tiltaket, og resultatet viser at dette kan overskride grenseverdier som er angitt for fisk. På bakgrunn av denne vurderinga ynskjer tiltakshavar å bruka siltgardin på begge sider av traseen for å hindre/reduere partikkelspreiing. Tiltaket skal også utførast i periodar av året då det antas at laks ikkje vandrar forbi (periodane 15. august til 1. oktober, og 20. april til 10. juni skal unngås).

I følgje søker ligg det eit vatninntak til ei hytte rett aust for tiltaksområdet. For å unngå at forureina vatn når inntaksrøyret, er det foreslått å heve inntaksrøyret frå botn av innsjøen i den perioden tiltaket pågår.

Søknadsdokumenter, som bl.a. inkluderer kart og vidare utgreiing om tiltaket, finn de på www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar».

Fylkesmannens merknader til tiltaket

Utan særskilte tiltak kan arbeidet føra til partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. Det er funnet forhøga verdier av enkelte PAH-forbindingar i sedimentet. Tiltakshavar har foreslått bruk av siltgardin under mudringsarbeidet, samt restriksjonar på kva tid på året arbeidet kan utførast.

Suldalslågen er eit nasjonalt laksevassdrag, og den lakseførande strekningen omfattar Suldalsvatnet. Det finns også stasjonær aure, ål, trepigga stingsild og røye i vassdraget. I følgje søker, har Kvilldalsvika eit botnsubstrat som er eigna som beiteområde for aure og anna innlandsfisk. I nærleiken av tiltaksområdet ligg Kvilldalsåa, som er ein gytebekk for laks, sjøaure og innlandsfisk. Gytetoden fisk passerar derfor tiltaksområdet under oppvandring, og smolt vil passera området ved utvandring av Kvilldalsåa. Det vil derfor vera viktig å hindre partikkelspreiing, spesielt i periodar når det er mest sannsynleg at fisk vandrar forbi.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelse etter forurensningsloven», fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Ilag med utfyllingssøknader ved Strandanes og Helganes, skal søknaden også behandlast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i lakse- og innlandsfiskelova.

Utlekking til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsejef

Marte Kjelby
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

¹ Norconsult AS (2014). Tiltak i sediment i Suldalsvatnet. Oppdragsnr.: 5134320

Saksbehandlar: Marte Kjelby
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Kommunens høyringsbrev (utan vedlegg)

Adresseliste:

Kystverket Vest	Postboks 1502	6025 ÅLESUND
Museum Stavanger AS	Muségata 16	4010 STAVANGER
Fiskeridirektoratet Region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001 STAVANGER

Kopi (utan vedlegg) til:

Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND